

Protokoll regionstyremøte

Dato 26. mai 2011
Møte nr. 2/ 2011
Saker 5/ 2011 - 8/ 2011
Sted Telefonmøte

Tilstede
Fra Regionstyret Nils-Gunnar Solli, Anita Nøring, Grete Sjøhagen Nedrebø, Rune Wold, Knut Mikkelsen, Oddgeir Øren
Fra administrasjonen Lars Alver Krum, Jørgen A. Brecke
Forfall Kari R. Klokseth

Saker

- 5/ 2011: Godkjenning av innkalling og saksliste
Vedtak:
Innkalling og saksliste ble godkjent.
- 6/ 2011: Diverse informasjonssaker
- Informasjon fra styreleder
- Aktuelt fra administrasjonen og NMF sentralt
- Eventuelt
Vedtak:
Styret tar informasjonssakene til orientering.
- 7/ 2011: Representasjonsoppdrag sommeren 2011:
- Stevne i Valldal 3.-5. juni.
Vedtak:
Anita Nøring eller Oddgeir Øren representerer styret.
- Stevne i Kristiansund 17.-19. juni:
Vedtak:
Nils-Gunnar Solli representerer styret.
- Stevne i Nordfjordeid 17.-19. juni:
Vedtak:
Grete S. Nedrebø eller Oddgeir Øren representerer styret.
- Sommerkurs på Nordfjordeid (Gult kurs) 27. juni:
Vedtak:
Oddgeir Øren representerer styret.
- Sommerkurs på Nordfjordeid (Rødt kurs) 3. juli:
Vedtak:
Knut Mikkelsen representerer styret.
- Sommerkurs på Nordfjordeid (Blå/Svart brassbandkurs) 10. juli:
Vedtak:
Grete S. Nedrebø representerer styret.



- Sommerkurs i Molde (Gult kurs) 4. juli:
Vedtak:
Kari R. Klokseth, Nils-Gunnar Solli eller Anita Nøring representerer styret. Regionstyreleder tar ansvar for å avklare hvem det blir.
- Sommerkurs i Ørsta (Grått kurs) 31. juli:
Vedtak:
Oddgeir Øren representerer styret.
- Sommerkurs i Ørsta (Blå/Svart janitsjarkurs) 7. august:
Vedtak:
Anita Nøring representerer styret.
- Sommerkurs i Ørsta (Drillkurs) 14. august:
Vedtak:
Nils-Gunnar Solli representerer styret.

8/ 2011: Oppnevning av representant til arbeidsgrupper regionkorpene:
Vedtak:
Knut Mikkelsen oppnevnes til styrets representant i NUB.
Valg av representant til arbeidsgruppa i NUK utsettes inntil videre. AU (leder, nestleder + daglig leder) tar saken videre i samarbeid med NUK.

Neste styremøte er satt til 26.-28. august. Dette blir et fysisk møte, med tidsramme fredag kveld til søndag ettermiddag. Det tas sikte på å legge møtet til Nordfjordeid eller Volda.

Molde, 6. jul. 2011

Nils-Gunnar Solli (sign.)
regionstyreleder

Lars Alver Krum (sign.)
daglig leder



Protokoll regionstyremøte

Dato 26. - 28. august 2011
Møte nr. 3/ 2011
Saker 9/ 2011 - 15/ 2011
Stad Hotell Ivar Aasen, Ørsta

Tilstade

Frå Regionstyret Nils-Gunnar Solli, Anita Nøring, Kari R. Klokseth, Grete Sjøhagen
Nedrebø, Knut Mikkelsen, Oddgeir Øren
Frå administrasjonen Lars Alver Krum, Marion K. Røsandnes
Forfall Rune Wold

Sakar

- 9/ 2011: Godkjenning av innkalling og sakliste
Vedtak:
Innkalling og sakliste blei godkjend.
- 10/ 2011: Gjennomgang av handlingsprogram nasjonalt og regionalt, prioritering av innsatsområder/ tiltak
Vedtak:
1. Regionstyret drøfta samanhengen mellom nasjonal og regional handlingsplan, jamfør regiontingets vedtak om handlingsplan. Regionstyret gir administrasjonen i oppdrag å vurdere utarbeidinga av ei regional framstilling av handlingsplanen som speglar den nasjonale utforminga.
 2. Regionstyret ber administrasjonen starte arbeidet med arrangementsnøkkel. Ein plan for arbeidet vidare vert presentert på neste styremøte.
- 11/ 2011: Aktivitetsplan for 2011-2012. Gjennomgang av oppsette aktivitetar, administrasjonens forslag til gjennomføring og endringar, datofesting av konkurransar.
Vedtak:
1. Drillkonkurransane:
 - 1.1. Regionstyret i NMF Nordvest viser til regiontingets vedtak i sak 7 den 8. mai 2011 om konkurransstruktur.
 - 1.2. Med bakgrunn i praktiske omsyn og ikkje minst dei økonomiske realitetane for regionen, finn styret det naudsynt å gjennomføre drillkonkurransane slik at det kvart år blir drillkonkurransane i Sogn og Fjordane samordna med skulekorpskonkurransen. I tillegg blir det årlege konkurranseutbodet for drill i Møre og Romsdal Midtnorsk Mesterskap på Averøy. Korps som ønskjer å delta på eit felles arrangement for musikk og drill kan delta i Sogn og Fjordane.
 - 1.3. Alle korps kan delta i begge konkurransar uavhengig av heimfylke.
 2. Sommarkurs:
 - 2.1. Sommarkurs:
Med bakgrunn i siste års erfaring med sommarkursa, samt ei heilskapleg vurdering av ressursituasjonen, gir regionstyret administrasjonen i oppdrag å utreie nye alternativ for samordning av kurstilboda, herunder også geografisk plassering og tidspunkt for desse.
 3. Oppdatert aktivitetsplan ut 2012, basert på aktivitetsplan lagt fram på regiontinget 8. mai 2011 ligg ved som vedlegg til protokollen.
Aktivitetsplan for 2013 tas opp på neste regionstyremøte.



- 12/ 2011: Økonomirapport, drøfting og eventuelle tiltak.
Vedtak:
1. Styret tar administrasjonen sin økonomirapport til etterretning.
2. Med bakgrunn i regionstyrets drøftingar skal det arbeidast vidare i forhold til eksisterande og eventuelle nye samarbeidspartnarar med tanke på å betre regionens inntekter.
- 13/ 2011: Nasjonal leiarsamling i oktober/ nasjonal agenda for NMF Nordvest

Regionstyret vart informert om programmet for nasjonal leiarsamling i oktober. Styreleder hadde synspunkt på tema som kunne vere viktig for NMF Nordvest å vektlegge overfor nasjonalt nivå.
Vedtak:
Regionstyret tek orienteringa til etterretning og slutter seg til dei signal som blei gitt av styreleiar.
- 14/ 2011: Representasjon/ deltaking frå regionstyret for hausten og vinteren
Vedtak:
1. Leiar og nestleiar deltek på nasjonal leiarsamling i oktober saman med dagleg leiar.
2. Styreleiar representerer på nasjonal leiarsamling på Hell 20.-22. januar.
3. Regionstyret er representert ved Grete, Anita og Knut på NVM for vaksenkorps
4. Regionstyret vil streve etter, etter invitasjon, å vere representert ved runde jubileum i medlemskorpsa som 25, 50, 75 og 100 år, og ved tildeling av utmerkingar frå NMF.
- 15/ 2011: Plan for styremøter framover
Vedtak:
Neste styremøte vert i Ålesund 26.-27. november. Tid blir tilpassa, men med intensjon om møtestart klokka 10.
Neste møte deretter vert helga 13.-15. april 2012.
Det vert elles telefonmøte ved behov.

Orienteringssaker:

- Nytt frå NMF sentralt
Oppsummering av sommarens aktiviteter i Nordvest
Val 2011
Orientering frå regionstyreleiar
Vedtak:
Styret tek sakane til orientering

Molde, 21. sep. 2011

Nils-Gunnar Solli (sign.)
regionstyreleiar

Lars Alver Krum (sign.)
dagleg leiar



Protokoll regionstyremøte 26.-27. november 2011

Quality Hotel Waterfront, Ålesund

Møte nummer 4/ 2011

Start laurdag 26. november klokka 10.00

Saker: 16/2011 - 26/2011

Tilstade: Nils-Gunnar Solli, Anita Nøring, Grete Sjøhagen Nedrebø, Kari Klokseth, Oddgeir Øren

Frå administrasjonen: Lars Alver Krum

Forfall: Knut Mikkelsen, Rune Wold

Saksliste:

Vedtaksaker:

16/2011: Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak: Godkjent

17/2011: Oppretting av arbeidsutval (AU)

Vedtak: Regionstyret opprettar et arbeidsutval (AU) bestående av styrets leiar, styrets nestleiar og dagleg leiar. AU er ikkje et forum for vedtak.

18/2011: Regional handlingsplan

Vedtak: Styret ber dagleg leiar om å fullføre dokumentet etter dei innspel som kom i møtet, og sende det ut til styret for godkjenning.

19/2011: Arrangementsnøkkel

Vedtak: Administrasjonen fullfører arbeidet med ein framdriftsplan og eit rammeverk for arbeidet. Det skal opprettast ei arbeidsgruppe bestående av representantar for fem korps, ein representant frå administrasjonen og Kari Klokseth som representant for styret. Medlemmane i gruppa skal vere klar innan nyttår, og styret ber om at arbeidet er fullført innan 1. juni 2012. Styret legg til grunn at det vert lagt ut informasjon

om arbeidet, og at medlemskorpsa vert gitt moglegheit til å kome med innspel til prosessen.

20/2011: Sommarkurs 2012, orientering frå administrasjonen.

Vedtak: Styret tek orienteringa til vitande.

21/2011: Aktivitetsplan haust 2012 og vår 2013, herunder stevner og konkurransar

Vedtak: Styret slutter seg til framlagte forslag med dei endringar og presiseringar som kom fram. Nordvestkonferansen for 2013 vert eit reint NMF-arrangement. Administrasjonen gjer avklaringar med arrangørar som har meldt si interesse for ulike arrangement, og klargjer om dei ønskjer oppdraga. Vedtatt aktivitetsplan ligg som vedlegg til protokollen.

22/2011: Landsmøte, deltaking og innspel til saker

Vedtak: Styret og første vara deltar på landsmøtet. Viss det blir forfall frå nokon av desse går ein til vara-lista for å fylle ut delegasjonen. Dersom programmet på fagkonferansen er av interesse deltek leiar og nestleiar på fagkonferansen i forkant av årsmøtet, eventuelt eit anna styremedlem dersom ein av desse er forhindra. Leiar og nestleiar tek den endelige avgjerda.

Tre tema vurderast med tanke på innspel til landsmøtet: Økonomi/ Rammvilkår, Regionalisering, Nasjonal tariff for dirigentar/ instruktørar. AU vurderer sakene vidare, og styret tek endeleg avgjerd i telefonmøte.

23/2011: Kontaktmøter i distrikta

Vedtak: Det skal gjennomførast kontaktmøter med medlemmene 1-2 gonger per år. Styret er aktivt med, og held møta. Det lages ein mal for kontaktmøter, der formål og grunnleggjande info og framgangsmåte leggjast fram.

Regionen deles inn i 6-7 møteområde: Nordmøre, Romsdal, Nordre Sunnmøre, Søndre Sunnmøre og Nordre Nordfjord, Søre Nordfjord, Sunnfjord og Ytre Sogn, Indre Sogn

Emne som er aktuelle til møter: Handlingsplan og aktivitet, landsmøte 2012, Regionting 2013, startpakka og korpsdriftportalen. Møta skal ha fokus på medlemskorpsa sine behov og ønskjer.



Administrasjonen / AU utarbeider ein modell, som leggjast fram for styret på telefonmøte.

24/2011: Økonomirapport

Vedtak: Regionsstyret tar økonomirapport av 22.11.11 til etterretning.

25/2011: Budsjett 2012

Vedtak: Styret sluttar seg til det framlagte budsjett for 2012.
Budsjettet følgjer som vedlegg til protokollen.

26/2011: Referatsaker / saker til orientering:

Websidene uframkommelig. Vanskeleg å finne fram til informasjon.

Konkurransedeltaking/struktur (innspel frå Oddgeir om ny måte å tenkje på).

Policy til sponsorjakt

Facebook

Høringsmøte regional planstrategi på kulturfeltet i Sogn og Fjordane fylkeskommune. Knut og Nils-Gunnar deltok. I etterkant av fellesmøtet vart det halde sær møte med fylkeskultursjefen.

På fylkeskulturkonferansen for Møre og Romsdal deltok Nils-Gunnar og dagleg leiar.

Telefonmøte regionstyreleiarar og presidentskapet. Faste møte første måndag i månaden.

Arbeidsgruppe er etablert i samband med verdi- og visjonsarbeid i NMF. Nils-Gunnar spurt om å delta men finn det vanskeleg å vere til stades på dei fysiske møta. Han drøftar dette nærare med kommunikasjonssjefen i NMF.

Nils-Gunnar Solli (s)

Regionstyreleiar

Lars Alver Krum (s)

Daglig leder

Protokoll regionstyremøte 20. desember 2011

Telefonmøte

Møte nummer 5/ 2011

Tysdag 20. desember klokka 21.00

Saker: 27/2011 - 29/2011

Tilstade: Nils-Gunnar Solli, Anita Nøring, Rune Wold, Grete Sjøhagen Nedrebø, Oddgeir Øren

Frå administrasjonen: Lars Alver Krum

Forfall: Kari Klokseth, Knut Mikkelsen

Saksliste:

Vedtaksaker:

27/2011: Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak: Innkalling og sakliste vart godkjent, med tillegg av sak 30/2011

28/2011: Innspel frå NMF Nordvest til NMF sitt landsmøte 2012.

Vedtak: Framlegg frå Nils-Gunnar Solli vart samrøystes vedtatt. NMF Nordvest sender følgjande innspel til landsmøtet:

Økonomi/Rammevilkår

- NMF Nordvest ber om at det vert innført automatisk prisjustering på driftsmidlane som vert overført frå nasjonalt nivå til regionane. Det vert tilrådd å bruke deflatoren i statsbudsjettet som grunnlag for denne prisjusteringa. NMF Nordvest finn det urimeleg at ikkje overføringane frå nasjonalt nivå skal gis slik justering i tråd med forventa lønns-og prisstigning.
- NMF Nordvest er den mest kostnadskrevjande regionen å drifte, nest etter Nord-Norge. M.a. gir dette seg utslag i noko av dei høgste satsane på deltakarbetaling for ulike arrangement/ aktivitetar i regi av regionen. Dette må kompenseras på ein betre måte enn dagens ordning/nivå i høve NMF sentralt sitt bidrag til regionøkonomien. I denne vurderinga må det også tas i betraktning at NMF Nordvest har ein gunstig avtale med Møre og Romsdal fylkeskommune kva gjeld utgifter til lokaler/driftsutgifter til kontor. Dette kjem ikkje NMF Nordvest til gode på ein konkret og tydeleg måte slik økonomien er organisert mot nasjonalt nivå pr. dato.
- NMF Nordvest meiner at alle faste stillingsheimlar som er oppretta må dekkjast 100 % av nasjonal økonomi.

Regionalisering

- NMF Nordvest kan ikkje akseptere at regionaliseringa framleis ikkje er gjennomført i tråd med landsmøtet sin vedtak. Dersom situasjonen i region Viken (og tilhøyrande kretsar) ikkje har kome på plass i tråd med Forbundsstyret sitt vedtak 1. desember 2011, så ber NMF Nordvest om at landsmøtet 2012 får ei sak med utgreiing om situasjonen og framlegg til korleis dette skal løysast. Det at ein region, dvs dei gamle kretsane, held fram som dei gjer går ut over heile NMF-organisasjonen. Utdjuping av dette skulle ikkje vere naudsynt.

29/2011: Søknad om å vere arrangør for NMF sitt Landsmøte 2014.

Vedtak: NMF Nordvest søker ikkje om å vere arrangør for Landsmøtet 2014.

30/2011: Endring av tidelgare vedtak om dato for konkurransar:

Vedtak: Dato for Nordvestmeisterskapen for vaksenkorps 2013 endrast etter innspel frå Jølster Musikklag til 9. november 2013, under føresetnad av at Førdehuset er disponibelt denne datoen.

Likeeins endrast datoen for Nordvestmeisterskapen for vaksenkorps 2012 til ein dato der Bjørnsonhuset i Molde er ledig. Dersom dette ikkje lar seg gjere, må ein finne ein annan arrangør på opprinneleg fastsatt dato.

Nils-Gunnar Solli (s)

Regionstyreleiar

Lars Alver Krum (s)

Dagleg leiar